

SOGN OG FJORDANE TEATER

MARIA MAGDALENA

JESU VIRKE



SoFt

Sogn og Fjordane Teater

MARIA MAGDALENA – JESU VIRKE

I to år på rad har Sogn og Fjordane Teater vist «Miriam si forteljing – Juleevangeliet» i kyrkjer rundt omkring i fylket. No kjem «Maria Magdalena – Jesu virke», nummer to i trilogien om Jesus. Håvard Rem står bak teksten, Marit Østbye har regien og vi får følge den einslege stemma til Reidun Melvær Berge i denne monologen.

Vi veit alle kva som skjer i evangeliet, men sjeldan får vi høyre det på denne måten. Historia om Jesus blir fortalt gjennom kvinnene rundt han. I «Jesu virke» er ordet gitt til Maria, ho som hadde tilnamnet Magdalena og «som sju vonde ånder hadde fart ut av». Ho fortel at Jesus redda henne frå galskap og prostitusjon, og at ho hadde eit nært forhold til han. Ho var kollega, ven og kvinne.

Det er natta før palmesøndag, og natta før Jesus og følget hans togar inn i Jerusalem. Maria Magdalena fortel om sitt første møte med Jesus, om hans virke frå han vart døypt av døyparen Johannes og om påskeveka.

Gjennom Maria kjem vi nærare Jesus, men òg nærare eit historisk faktum som ofte hamnar i skuggen. I følget til Jesus var det fleire kvinner, mange av dei redda frå vonde ånder og sjukdom. Dei hadde ein plass i lyssirkelen rundt leirbålet saman med disiplane, og dei risikerte livet ved å reise rundt og misjonere.

Forfattar Håvard Rem ønskjer at publikum skal sjå på historia med dagens auge: *«Det vi i dag forstår som traume og psykiatri, blei den gongen sett på som vonde ånder. For meg som vaks opp i pinsemisjonen, er ikkje det så fjernt. På 60- og 70-talet dreiv dei framleis på med demonutdriving, og av ein eller annan grunn var det ofte kvinnene som var gjenstand for utdrivinga.»*



Regissør
Marit Østbye



Reidun Melvær Berge

AV
HÅVARD REM

OMSETJING
ASBJØRG LOTSBERG

REGI
MARIT ØSTBYE

MEDVERKANDE
REIDUN MELVÆR BERGE

LYSDESIGN
KRYSTIAN MYSKA

TURNÉ

FLORØ KIRKE Première

16. mars kl 19:00

FØRDE KYRKJE

17. mars kl 14:00

17. mars kl 18:00

ÅRDAL KYRKJE

18. mars kl 18:00

GAUPNE KYRKJE

20. mars kl 19:00

NEDSTRYN KYRKJE

21. mars kl 19:00

VIK KYRKJE

22. mars kl 19:00

LEIKANGER KYRKJE

23. mars kl 19:00

VEVRING KYRKJE

24. mars kl 18:00

SOLUND KYRKJE

25. mars kl 18:30

BILLETTAR

softeater.no/billetter

TEATERÅRET 2018




PÅ LOKALET (2.-24. mars)

I 2016 turnerte danse teateret "På lokalet" rundt omkring på ungdomshus i heile fylket, og no er det klart for ønskereprise! Det blir hælane i taket og høgt tempo på dansegolvet. Dansarane går inn og ut av tidsriktige klede og dansetrinn. Vi er innom etterkrigstida med leggevattn og hårrullar. 50-talet med boggie-woogie og store underskjørt. 60-talet med gabardinbukser og heimespøta kofter. 70-talet med slengbukser og rysjeskjorter og avsluttar i 80-talet med pastellfargar og skulderputer. Her er det både nostalgisk musikk og mange detaljar å fortape seg i! Velkommen til fest på lokalet!



YOGAKRIGEN (12.09 - 06.10)


Yogakrigen er ny, nynorsk dramatikkk med urpremiere på Sogn og Fjordane Teater. Det er ei drøymande, assosierande framsyning innanfor rammene av ein streng disiplin. I dette stykket vert publikum invitert inn i teateret sin blackbox i ein yogatime saman med fem damer som alle har sitt å stri med. Kvinnene går på yoga for å sleppe unna kvardagen for ei stund. Men på matta er det kvardagen som står i djup strekk med musklar som dirrar under presset.



EG ER I GÅR (27.10 - 17.11)

«Eg er i går» har eit manus som er basert på intervju med eit knippe av fylkets seniorar i alderen frå nokre-og-sytti til 100 år. Dei er den siste krigsgenerasjonen. Åra under tysk okkupasjon pregar livet deira, men det er langt ifrå det einaste dei har på lager. Dei fortel om forelsking, lyden av barneføter, det første fjernsynet. Dei bygde vegar som batt grendene i lag, dei bygde landet. I denne framsyninga deler dei rundhanda av røynslene sine, og det er ei gåvepakke til dei som kjem etter. Vi får kunnskapen vi treng for å forstå kvar vi kjem frå, og denne kunnskapen kan vi i tur dele vidare. Ein vakker dag er det vi som er i går.

FØLG OSS PÅ:



Sjå softeater.no for informasjon om dato og billetter

